



Vågsøy kommune

Skavøypoll barnehage

Dag Almenning
Tunvegen 6
6713 ALMENNINGEN

Vår ref:
19/11045

Dykkar ref.

Dato:
06.11.2019

Møtereferat Samarbeidsutvalet 31.10.2019

Møtet vart halde i Skavøypoll barnehage 31.10.2019 kl 14.30-16.

1. Konstituering av samarbeidsutvalet:
Leiar: Kim Nedreberg Silden
Nestleiar: Mia Solheim
Medlemmar: Emilie L Strømme, Bjørn Tore R Fjellvang, Dag Almenning og Anette S Halsør.
Skrivar: Janne Halsør
2. Orienteringa vedr. Klatretårn på uteområdet til skulen og bhg, gjekk ut. Janne skal følge opp denne saka med Birte.
3. Personalmøter i Skavøypoll barnehage: Særavtale for barnehage SFS 2201 viser til at personalet har rett til 37,5 timar planlegging i året, i tillegg til planlegging kvar veke. Vi har avhalde slike personalmøter i år: 17.01.(3 timar), 25.02. (7,5 t), 18.03. (1,5 t), 24.04. (1,5 t), 21.05. (1,5 t), 11.-12.08 (15 timar) og 11.10. (7,5 t), totalt 37, 5 timar. På våren var 4 av møta på kveldstid, etter avtale med personalet og fri 31.05. På hausten vart det berre møte på dagtid, etter ønskje frå personalet. På grunn av overforbruk i budsjettet, er der ikkje rom for å gjennomføre fleire møte på kveldstid, slik vi har praktisert det tidlegare. Vi har vurdert det slik at det ikkje kan gjennomførast avdelingsmøter på dagtid, på ein forsvarleg måte. Repr. for personalet, Anette S Halsør, seier at det sjølvstakt er ønskjeleg med fleire fellesmøter for å styrke fellesskapet i personalgruppa, men at tilbodet til barna vert ivareteke i dag.
4. I etterkant av oppslaget i Fjordenes Tidende vedr. reduksjon i tal avdelingar i Holvik bhg, vart det oppfatta som om barnehagebussen skal erstatte denne i Holvik. Dette kjenner ikkje underteikna til. I Skavøypoll barnehage er det pr i dag 20 fleire barn enn i Holvik. Dersom bussen vert flytta, er det ikkje høve til å ta inn nye barn ved nytt barnehageår i august 2020.
5. Sommarstengd barnehag: Budsjettforslaget frå underteikna tek høgde for sommaropen barnehage. Dersom budsjetttramma vert redusert, må vi sjølvstakt sjå på kor innsparingane skal kome, men det kan vere på andre område. Dersom dette blir ein realitet, vil Samarbeidsutvalet bli kalla inn til møte om saka. Underteikna refererte til eit forslag til vedtekter for barnehagane i Kinn kommune. Her er det forslag om stengt 5 dagar i samband med dei 5 planleggingsdagane barnehagane skal ha (SFS 2201 som er nemnt i sak 2). Vedtektene er ikkje godkjent endå. Dersom denne vert lagt ut til offentleg høyring, vil det bli kalla inn til møte vedr. denne saka, forslaget vert presentert på heimesida til barnehagen.

6. Fotografering i barnehagen
Utvalet bestemte at det skal vere fotografering av førskulegruppa (gruppebilde) den hausten dei er førskulebarn. Vi skal kontakte lokal fotograf for å få inn pristilbod m.a. om bilde elektronisk (minnepinne) og på papir, og vi vil prøve å få til dette før jul.
7. Samarbeidsutvalet ønska å legge til rette for deltaking under barnrehagen si fane i fellestoget i Måløy. Foreldrerepr. For førskulegruppa får eit særskilt ansvar for å få dette på dagsorden, men alle foreldrerepr. hjelper til på sjølve 17.mai.
8. Den nasjonale foreldreundersøkinga skjer i perioden 01.nov – 31.des. Vi oppfordrar alle til å delta. Her har de høve til å seie dokkas meining. Målet vårt er å få minst 75 i svarprosent☺ I etterkant av undersøkinga, vil resultatet bli presentert og drøfta i Samarbeidsutvalet.
9. Neste møte vert på dagtid. Underteikna legg fram forslag til 2 tidspunkt (i barnehagetida/ utanfor barnehagetid), og medlemmane melder då tilbake kva som passar best.

Dersom nokon har merknader til referatet, så meld dette innna 14 dagar.

Med helsing

Janne Halsør
tenesteleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakarar:

Anette Sætren Halsør	Nordvågsøyvegen 246	6710	RAUDEBERG
Bjørn Tore Rinde Fjellvang	Ulvesundvegen 50	6718	DEKNEPOLLEN
Dag Almenning	Tunvegen 6	6713	ALMENNINGEN
Emilie Løland Strømmen	Nedre Tennebø 37	6718	DEKNEPOLLEN
Kim Roald Nedreberg Silden	Øvre Tennebø 21 A	6718	DEKNEPOLLEN
Mia Solheim	Ulvesundvegen 138	6718	DEKNEPOLLEN